

Møtereferat

Møte: Tlf møte AU Midt-Norge
Tid/Sted: Måndag 27.06.16 kl 10 - kl 11.45
Tilstede: Ragnar Omli, Olav Håkon Ulfsnes, Arnt Ove Løvås, Ragnar Valstad, Trude Sandstad Elnes, Trine Hasvang Vaag og Roy Albertsen
Forfall: Kolbjørn Frøseth og Rigmor Hustad
Kopi til: Vara AU, leiargruppa region Midt og Tor Olav Brandtzæg
Referent: Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 27. juni 2016

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	Orientering frå styret <p>Trine orienterte. Styret fekk i siste møte orientering om brannen ved Nortura Tønsberg og oppfølginga. Rema har kjøpt Kolonihagen. Fokus på løysing for kylling i Trøndelag. Fokus på oppfølging av økologisk, regionale produkt, lam og grasfôra. Egg: Totalmarked signaliserer rom for 2-3 nye hus årleg dei komande 3 åra. Lam: Nortura hatt møte med Sau og Geit, vektgrense diskutert. Styret orientert om tiltak i sal, gode strategiar framover. Økonomi: Ligg godt framfor budsjett, prognose på budsjett. Investering sørvest: Orientering. Innovasjon og forskning/utvikling: Diskusjon om tilstrekkeleg vert brukt. Deltok med 9 andre utvalde bedrifter i eit prosjekt. Matprat: Må forholde seg til budsjett, skjer ein del. Gris: Svinedugnaden virkar, men høg effektivitetsauke. Løfte fleire segment, ikkje berre billegmat.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar:</u></p> <ul style="list-style-type: none">• Rykter om at konkurrent i Trøndelag på egg jobbar med etablering i 4 tome kyllinghus.• Ytterøykylling også offensive no.• Artig å høyre at lam er diskutert så mykje i styret! Bra at det er fokus på auka pris på gris, betyr mykje for alle dyreslaga. Vektgrense lam: Motstand på ny øvre vektgrense, fagutvalet ynskjer det seinare i sesongen. Nedre grense er 15 kg etter innspel frå Sau og Geit.• Finansieringsstrategi og likviditetsutvikling: Kontroll og ser lysare ut?• Svar: Hovudtema på siste styremøta. Tala ser positive ut framover. Orientert om investeringsprosjekt framover, mest krevjande Kviamarka.• Er sal av Norsk Protein gjennomført?• Svar: Sel 10 % av aksjane til DAKA Denmark AS, for tilgang til produktutvikling, kompetanse og utstyr. Nortura går ned frå 75 % til 67 % og NKL frå 25 % til 23 %.• Kva er Nova?• Svar: Nytt ERP-system, som skal legge grunnlaget for smartare og meir effektive måtar å jobbe på, gjennom nye arbeidsprosessar, tydelegare roller og ansvar, og ei ny og moderne IKT-plattform. Malvik er plukka ut til å vere pilot, og vert nokon av dei fyrste til gjennomføring.• Er samordning med dei andre samvirkebedriftene vurdert?• Fagutval kylling hadde møte torsdag, Arnt Ove hadde møte med 30 av 52 kyllingprodusentar i forkant. Møtereferat/brev sendt til styret. Bekymra dersom det ikkje vert oppretthalde produksjon i Trøndelag. Røleg og fint møte, men resignasjon. Avtalen med Rema må landast, til rett tid.• Svar: Bra at det vert sendt brev og sett trøkk. Vil gjerne inviterast med på tilsvarande møter seinare.• Får kyllinghusa på Høylandet omstillingsmidlar?	

- Viktig at det vert gjort kva vi kan for å berge produksjonane i Midt-Norge, i staden for at konkurrent får etablere seg.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

2 Oppnemning av ressursgrupper storfe og gris

Trude la fram forslag. Rigmor deltok ikkje i møtet, og hadde ikkje kome med forslag. Oppnemning av ressursgruppe gris vert utsett til neste møte.

Rigmor

Spørsmål/kommentarar:

- Ynskje om fysisk møte i ressursgruppe småfe, er det rom for det?
- Svar: Rom for eit par fysiske møter, og elles tlf møter og tlf kontakt. Bruk også tilførselsleiar på dei respektive dyreslaga.

Vedtak: AU vedtok ressursgruppe storfe, jf. vedlegg.

3 Orientering frå arbeidet i Råvare & Medlem region Midt

Roy orienterte om tilførselar: Vel 1 300 storfe meir enn fjoråret, betre indeks enn konkurrentane. Småfe: Konkurrentane høge indeksar, men truleg ein del sau. Gris: Indeks 112 pr veke 24. Kommunevise marknadsandelar utsendt. Aktivitet dyreslag: Overskot smågris, stor effektivitetsauke. Tatt tak i skyvinga av gris, vesentleg mindre no. Småfe: Gjennomført møter for lammeringsleiarane, bistand frå Ragnar V. Ferdig med utbygginga av kapasiteten på Malvik. Tidlegslakting i veke 32 og 35, med dobla kapasitet i fht i fjor. Storfe: Fokus på pris på kalv. Vert justert etter sommaren i samsvar med kvalitetstillegga.

Hilde Stokke sluttar som medlemssenterleiar, og Silje Laugsand Pynten tatt over rolla i stor grad før ferien. Jobbar med ny person etter Silje som tilførselsleiar gris. Ny storferådgjevar i 50 % stilling i Nordmøre og Romsdal frå september. Fagsamling for alle ansatte i Råvare og Medlem i byrjinga av juni, tema CRM (kundebehandlingssystem) og Medlemsundersøkinga, med utarbeiding av handlingsplan.

Klassifisering storfe: Malvik kome skeivt ut på høgaste nivå av klassene, avdekt av Animalia i april/mai. Er i ferd med å nivellere seg inn, Animalia til stades kvar veke no. Mange produsentar har reagert, jobbar med kommunikasjon.

Styring av råvare i haustsesongen: Utnytte kapasitet på tvers av anlegg, vert jobba vidare med. Vekene frå 32 til 38 vert mest utfordrande.

Spørsmål/kommentarar:

- Korleis har Midt-Norge Slakteri kommunisert klassifiseringa? Ryktast at Midt-Norsk seier at det er Nortura som har endra rutinene og stramma inn.
- Spørsmål om livdyromsetjing storfe i oppfølgingsrapporten etter regionutvalsmøtet. Brit Kari og Olav Håkon snakkast.
- Ynskje om AU-møte i august på Heimdal.
- Gardsbesøk hos eggprodusent også i tilknytning til AU-møtet?
- Ynskjeleg med info til AU om marknadsutvikling på egg, samt status for anlegget på Heimdal.
- Skryt for info mail til produsentar vedk klassifiseringa.

Brit Kari

Brit Kari

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

4 Orientering frå fagutvala

Arnt Ove orienterte frå fagutval kylling om marknad og sal. Bra, men ikkje tatt heilt av. 7% reduksjon på innsett neste år. Dei som er utkjøpt no får produsere frå 01.01.2017. Ny elektronisk programvare under utarbeiding. Store utfordringar på sal av kalkun. Viktig at Nortura er i posisjon for god avtale i Trøndelag.

Ragnar V orienterte frå fagutval småfe. Fokus på sal og sesongen til hausten. Inntrykk

frå møter med lammeringsleiarane at dei er innstilt på å delta på dugnad til hausten. Info veldig viktig. Sesongslakting av sau: Periode 2 kolliderer dei seinare åra med skyving på Malvik. Ikkje fått gehør for utsetjing av periode 2. Ser ellers framover, viktig med informasjon til produsent.

Trude orienterte frå fagutval storfe om kalvepris i fht endra kvalitetstilskot. Diskuterast vidare på neste møte.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

5 **Eventuelt**

Spørsmål frå Olav Håkon om møte i Midtnorsk samarbeidsråd:

Ragnar svarte at Strategiplan for politisk arbeid skal utarbeidast til neste møte der i oktober. Andre tema eitt Trøndelag, samt landbruksmeldinga.

- Møte i oktober bør framskundast, for det er no dei politiske partia utarbeider programma sine. Ragnar O tek det opp med Jon Gisle Vikan.

Ragnar O

Eggsituasjonen Midt-Norge:

Må signalisere at Nortura må vere frampå dersom rom for produksjonsauke.